

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Indre

Emne: nr. 18.

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Leren.

Gard:

(adresse): Sakshaug.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røysle. Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Desse opplysningane om julehalmen har eg fått ved at eg har sendt med elevane mine ved Sund folkehøgskule spørsmålslistar om jula i gamle dagar, og gjevi dei som oppgåve å intervju gamle folk og skrive ned mest mogleg ordrett det som vart fortalt som svar på spørsmåla. Endel svar har eg sjølv skrivi ned.

"Når dem ha vaska og skura gölve te julkvella, stelt dem te en støkkhölji t' rughælm (en fættå (fann) med rughælm som va bondi sammen i begge endan'), og la den tel-spennes over gölve, (Lagt med toppen på rota i rad etter rad og sammenbondi med hælm). Det vart gjort ferat dem itj' skoll tröpå gölve. Julda'n sopra dem ihop hælmen, og da skoll dem sjå etti om dem fann kunn ponn bordi. Gjord dem det, skoll æret bli godt.

(Inger-Anna støstad, Övre-Kvam.) ca 1930.

Julkveln ha dem rughælm på gölve, og dem ligg i hælma på gölvi julnatta. (Sivert Hembre, Sandvollan.)

"Han far-f ar villa itj, vætt t' anna enn at det skoll vrrå hælm på gölve julkveln. Han kom in med' om sjulsmessda'n, og så låg vi i hælma om natta"

(Ole Rottvold, Yangshylla.)

"Eingong æ va med 'om far, va vi in hos om Iver Sundsnæssi. Det va sjulsmessda'n, og kall'n ha nettopp berre in en stor hældomgi som en ha havt utover gölve.

Det va adskjelli tjokt lag utover gölve. Han far spord'n Iver n'r dem to opp hælmen. Vi tek ikj' oppen fe' inn anna'n, sa'n Iver."

(Ole Rottvold, Vangshylla på Inderøy.)

*e* "Stu va itj pynta som vi e vant te idag. På gölve va det det utoverströdd hælm." (Olava Lorvik, Sparbu.)

*f* "Det vart innberre hælm og havt utover gölva jul-aftan, og julnatta skoll dem liggji i hælma. Hælmen skoll liggji te anndags, men da m'tt'n uthaas.

(Hans Rövik, Inderøy.)

*g* "Alle, s'ner som sjölfölkji, låg i hælma julnatta. Det va almindele at sjölfölkji ha seng st'ad' i stu'n för, det va oft omhengssenger, og da låg dem der."

Jens Ness, Utøy på Inderøy.)

*h* "På gölve i stu'n ha dem hælm. Det skoll minn' om at Jesusbarnet låg i krubba."

(Björg Husby, Leka.)

*i* "Julkveln bar dem in hælm fer å ha på gölv. Ingen skull ligg i seng juknatta. Dem låg ni hælma på stuggugölve. (O!Ö!Hegra.)

*j* "Dem tok vare på julhelmen, og sia vart kröttera fora me'n. (August på Skogn Gammelheim.)

*k* "Det vart lagt hælm utover heile stugölve."

(Inger Marie Lindnes, Snåsa.)

*l* "Om julkveln la dem hælm på gölve, og han låg dem ti om julnatta. Det skol no leksom vårrå leknament med Jesus i krubbån" (Jon Tronstad, Inderøy.)

*m* "Dem ha helm på Gölve julkveln, ~~Julkvelog~~ så stelt dem te hælmfigura. Julhælmen bar dem ut ette tjuanhelgja. (Karen Sve, Namdalseid).

*n* "Dem trekt trå gjemmom hæmpipa og stelt te hælmkrona som dem hengt oppom takbjelkan. (Julie Staven, Namdalseid)

"I parantes nemner eg at Inderøy Bygdemuseum fekk tak i ei slik halmkrone i fjar. Her var slike kroner kalla "uroa". Når dei vart opphengt i eit hestteggel at-

3.

med omnen svinga dei utan stans att og fram. Mellom halmpipene var det festa tylappar i alle fargar. G.L.)  
Ingen mått gå i seng julnatta. Allihop sat på stola og sov. (Hans Melhus, Inderøy.)

"I helma julkveln vart'e leika. Dem to ryggtak, 1  
tånnæ revkrok og sto på hau'n "Karl Braset" Eventyr og Sagn) Sparbu)

"På kvar gål brukte dem hælm på golve. Han vart liggan i stu'n i stond. Helst te sist julda'n, fer dem som bar ut julhælmen han bar ut jula. (Nikolai Nordbotten, Björnör)

"Julkvelden bar dem in hælm. Det skoll forestill staln 2  
og krubba som Jesus var född ti. Hælmen bar dem ut jul-dagsmärran. Karoline Heggås, Inderøy.)

"Julhælmen ha den in te det vart örcki på nyåret 3

(M.R. Inderøy.)

"Dem ha hælm på golve så sekkerty som jula kom. Dem som itj ha hælm sjøl, kjøpt hælm fer å ha på golve.

(A. Haugsand, Björnör.)

"Det set fer mæ som en dröm at vi ha hælm på golve 4  
julkveln. Huse dem sopa hælmen frå omna, men å mått vårrå berre næn är den gongjen.

(Gamle fra Berg, Råstad, Inderøy)

"Dem hengt opp ei kron tå hælm inni stuggun. Den besto av ei stor kron i medten og fire små i sian. Den vart også pynta med raudt papir, og det va rettele storarta, serleg hves dem ha söl-papir å heng på dem. Hælmkrona ha plassen sin oppfer spisebordet i stuggu.

(Carl Lövlimo, Meraker.)

"om kvelden blev det bæret inn halm og lagt på gulvet. 6  
De yngste fikk legge sig i halmen, men de eldre sat opp hele natten. (Einar Hermstad, Hegra.)

"Om juldan skulle julhælmin bærras ut" 7  
(Marit Frigård, Hegra.)

"Omjulekvelde bar de inn halm og la på stuegolvet. 8  
De yngste i flokken skulle få ligge der, mens de eldste skulle sitte oppe hele natta." (Einar Hjelseng, Stjørdal.)

6215

7

- 4.
- 9 "Likeeins vart det vbori inn halm og havt på golvet.Då  
det vart slut med den skikken,tok dei til å bruke hakka  
halm på golvet.Det vart og skifta halm i alle senger.
- Halmkrona var eingong vanleg,oppengangt som pynt i stua  
til jul. (Ivar Nilssen Værnesbranden,Stjørdal.)
- 10 "För var det vanleg å bera inn halm for å ha på golvet.  
Når det vart slut med skikken hugser eg ikkje,men i  
seinare tid byrja dei å nytta hakka bar til slikt.  
(Petter Forbord,Stjørdal.)
- 11 "Julekvelden støydde dei finhakka eine utover golvet.  
Det var mest til pynt.Ellas pynta dei med helli trekongers-  
lys,bar og furukvistar.Veggene pynta dei med store heim-  
vo vi kle somdei hengde opp.)Julnatta skulle alle saman  
liggja inne i stova.Difor bar dei inn halm til å liggja  
i.Han bar dei ut att juldags morgenon.Når dei hadde samla  
han saman lvitte dei etter korn under bordet.Fann dei by  
baggkorn skulle det verta godt år,fann dei havrekorn  
hadde dei ikkje noko godt år i vente.(Kari Mære,Skatval.)
- 12 "Dersom det var leirgolv kosta dei og ströydde opp-  
hakka bar eller halm på golvet.Og så bytta dei halm og  
klede i sengene.---Og når alt var pussa i stova og halm-  
kronene var opphengde,da var det liksom julefreden kom.  
(Hagen Alstadheim,Skatval.)
- 13 "Dem strödd ein' på golve,og skifta helm og klea i seng-  
ern te jul.(Karen Fiskvik,Skatval.)
- 14 "Det vart skifta helm i sengrom å te jul,og det vart  
hakka bar eller eine og havt på golvet til pynt."  
(Karen Island,Frosta.)
- 15 "Om Sjulsmessda'n mått kvinnfolka hakka ei full teie med  
lysgrönt bar fer å strö på golvet inni stuggun.Nå'm  
stads brukta dem å bærra in helm fer å strö utover stug-  
gugölve,og ni den helma låg demhatta te juldags.På mat-  
stugölve strödd dem hakka eller råppå einbar.Te jul mått  
det byttas både helm og klea ti all sengrom.

5.

"Om julekvelden ble det lagt bar på golvet, og kvite  
duker på bordet. Det ble også skifta halm i sengene, og  
klærne ble samtidig vaska. (Marie Krog, Frosta.)

16

"De hakka bar og la på golvet, og det ble skiftet halm  
og sengeklær. (Johan Hellan, Frosta.) 84 år.

17

"Etter at vi hadde vaska og skura stuggugölve, hakka  
vi bar og strödde på. Vi la så på halm til slutt. Julkelds-  
natta låg vi på stuggugölvet alle sammen. Det var så ofte  
folk som röva. Dem tok alt dem kom over. Men når vi va  
mang som låg sammen, föla vi oss sterke, og röveran våga  
sä itj te å stäla. (Lorine Olderet, Frosta.)

18

"Dem ha hakka bar eller sand på golvet. Dem bar helm  
inni stuggu julafstan som dem låg ti om natt. Dem sa at  
dem "bar in julg". Om märrän bar dem ut hälmnen igjen.

19

(Johanna Mårtensson, Frosta.)

"På golvet vart det strödd hakka bar og einer. I sengrom  
vart det bytta halm og rein klede.

20

(Mette Einarson, Frosta.)

"Etter julvask i gang og stover, vart det i regelen "bara". 21

Korthoggi granbar eller eine vart dryssa utover golvet.  
Lukta av baret saman med lukt av nyhoggi gransved bak  
tasiomnen gjorde det koseleg og friskt inne.

(Jon L. Viken, Frosta - 84 år.)

"På golva ha dem hakka barvog eine, i Jula, og om julkveln 22  
bar dem in helm som dem ha på golvet og låg ti om natt.  
Om juldagsmärrän bar dem ut hälmnen igjen.

(Henriette Olden, Åsen.)

Golvet vart pynta med hakka bar, og det skulle liggi urört 23  
heilt til annedagsmärrän. Da kunn dem bytt ut hves dem  
villa. (Gine Brenne, Skogn.)

"Vi hakka bar å ha på golve julkveln. Baret mått værrå  
finhakka." (Tella Nestgård, Skogn.)

24

25 "Det skoll vaskas både i fjös og stall, og over alt i  
stuggulåna. Når det va rundvaska i fjösi, og julkveln kom,  
skoll det ströas hakka eine på fjösgölve."  
(Ola Bamberg, Levanger, 89 år.)

26 "Inne i stovehusa vart golva strödd med einer og bar.  
Sume stader brukte dei halm på golva og. Det vart skifta  
halm i sengene til jul, og likeeins hadde dei ekstra  
sengeklede som vart brukta berre i jula.  
(Dorthea Jensen, Skogn.)

27 "Trekvite golv brukte dem 'å Bar' "d.v.s. dei hakka granbar  
og ströyde utover." (Nikoline Myhr, Skogn st.)

28 "På stuggugölve vart det strödd hakka bar, også i sengern  
skifata dem halm. Det mått vårrå hagerhalm."  
Boje Myhr, Skogn.)

29 "Halm og klea vart skifta i all' sengrom, og ny og rein  
klea vart lagt på i stan. De best og nyest skinnfellean  
vart ti i bruk, men så snart jula va gått, vart de gamlan

30 "Dei pynta med papir og bar. Dei skifta halm og klede i  
sengene. Ingen måtte ha same sengkleda i jula som elles."  
(Oline Troset, Skogns Markabygd 76 år.)  
"Julkveln bar dem halm på golvet, og det vart bytta halm  
og klea i all sengrom." (Anna Ronglan Skogn 84 år.)

31 "Dei pynta med papir og bar. Dei skifta halm og klede i  
sengene. Ingen måtte ha same sengkleda i jula som elles."  
(Julie Hjemstad, Skogn.)

32 "Julekvelden ble det båret inn halm. Halmen ble hatt på  
stuegulvet. Den skulle vere tilnå ligge i julnatta. Juledagen  
ble halmen båret ut, og dersom det da var mye halm  
igjen, ble det et godt år. Dersom det var lite korn ble  
det dårlig år." (Anna Gjermstad, Ytterøy.)

33 "Dei hakka granbar og eine og strödde på golvet for å  
gjera det festleg. (Ellinga Tiller, Verdal.)

34 "På golvet vart det hakka bar og eine julekvelden, før  
feat det skulle lukte reint og godt."  
(Jon Helmo, Helgådalen, f. 1853.)

Verdal

2150

"Til jul hakka dei gjerne eine og hadde på golvet. Dei

35

skifta når to-tre dagar var gått. Til jul vart det oppreidd ei seng ekstra, om det skulle koma nokon.-"

(Ole Roseng, Leksdal i Verdal)

"Julaftaskveln bar karfolka halm på golvet, og da skulle alle, både store og små, ligge i halmen. Halmen ble liggende på golvet til annen dag jul. Da ble den sopt opp og kastet i grisebingen." (Petra Bye, Vinne i Verdal.)

"Da morfar var ung bar dei inn halm og hadde på golvet julekvelden. Ungdomane låg på golvet julnatt og "vakkå" for å passe jullysa. Dei skulle brenna heile natta. Ein gong hadde dei somna frå lysa, og da dei vakna hadde eit brunni nedø og brent ein kors i bordet. Seinare kom skikken å stö hakka bar og eine på golvet. For når golvet var kvitskura var det festleg med grønt på, og golvet heldt seg lenger reint!" (Gudvor Grunnan, Vuku, Verdal!)

37

"Om julaftan vart det hakka bar og strödd på golvet."

38

(Pauline Austad, Röra.)

"Og i stallen blir hestane pussa godt julaftan, og bar og einer blir hengt opp i krærne. Da blir det jul i stallen og. (Ragnar Austad, Röra i ein stil 1949.)

39

"dei rundvaska ikkje i fjös og stall til jul, det gjorde dei om sumaren. Men det vart pussa likevel der til jul og. Det var vanleg å pynta i fjöset med einer. - På Golvet i inhusom strödde dei hakka bar, mendet var finast med einer. Det avrø elles ikkje mykje ekstra pynting i stovene til jul. Det vart alltid skifta halm og klede i sengene. (Elmar Wibe, Röra. Född på Övre Rol 1865.)

40

"På dei kvitskura golva hadde dei hakka granbar. Dei bar det inn i kornsålar og ströydde det ut over golva."

41

(Jon P. Salberg, Röra.)

Julaftan drog dem inn konn ferva ha på gölvi julnatta.

42

Nå'n stassa brukta dem å klöpp opp bjönnmäss å ha på

- 42 gölve.Om natta te juldays låg dem i gölvi i hälma,fer at dem skoll ligg likäns som Jesusbarnet lå i krubbän.  
 Julda'smårrän vart hälmen utberri,og da såg dem vel åtti om det va nå kunn ponn bordi.Fer hves det va my kunn vart det bra är,va det lite vart det därle är.  
 (Kristine Rövik,Inderöy.)

- 43 "Halm vart strödd på golvet,men ikkje alle stader,det vart og brukt hakka bar og einer.Baret og einen brukte dei for at det pynta opp,og så vart det så frisk ei lokt.  
 Halmen vart liggjande til anndagsmorgonen..  
 ( Ole O. Wist,Inderöy.)

- 44 "Dem ha fint,grönt,hakka bar på gölve julkvell'n,fer de veit,gölva va itj' måla för.Serle i finstu'n mått' det vårrå bar på gölvi.Ellas vart det itj' pynta nå viar istu'n för,og jultre fans itj'."  
 (Karoline Heggås,Inderöy.)

- 45 "Om julkvel'n bar dem in hälml og la på gölve i stu'n.  
 Fer det meste bar dem ut hälmen igjen julda'n.Dem skifta ny hälml i bonstran. (Anne Marie Rol ,Inderöy.)

- 46 "På gölvi brukte dem og hakka bar,og delvis hälml som vart uthavt anndagsmårrän."(Margrete Letnes Inderöy.)

- 47 "Dem bar in hälml og ha på gölve julkveln.Om natta låg dem i hälma.På gälom der dem ha hesta,låg kallan i hälma og pussa massengsållän,så dem skoll vårrå blank og fin te dem skoll kjörvat kjerka juldan.Hälmen låg in te ann-dags,da hakka dem bar å ha på gölvet i stad'n.  
 (Nikolai Vist,Inderöy.)

- 48 "När julkveln kom ,va gölve i stu'n kvitskura og på-strödd eine.(Marie Kvam Inderöy.)

- 49 "Dei hakka eine og strödde på det sanskura golvet til jul.Det gjorde dei fordi det ikkje skulle bli så mykje far etter dei når dei gjekk.Einen låg med jula vara.Dei byta halm i allessenger til jul.Halmen vart bytta til St.Hans og til jul.(Julie Grönnesby,Sandvollan.)

"Når dei i eldgamal tid brukte jorfugolv strödde dei  
halm på, men når tregolva kom vart det helst hakka eåner.  
Dette vart gjort fordi det skulle vera meir högtideleg.  
(P.Ferstad, Sandvollan.)

50

"Fitti dem ha vaska bar dem in hælm og ha på golvet. Det  
va fer å ligg ti om natta. Dem fletta hælm og hengt opp  
og det kalla dem hælmveska. Dem såg atti om hælmen va  
lang, og dersom hælmen va lang, så vart det godt konnår.  
(Jon Örsjödal, Verran, 70 år.)

51

"Alle skulle ligge på halm i golvet julmatta. Det va fer  
å minnas Jesusbarnet som låg på støå julnatta.  
(Karoline Bögeberg, Leksvik.)

52

"Dem hakka eini eller bar å ha på gölva."

53

(Jon Brandsægg, Sparbu.)

"Dem ha in hælm, hakka bar og eine og ha på gölva jul-  
kveln. Det va skikk å liggji ti denne julnatta. Tredan i  
jul'n vart hælmen havt ut. Dem bytta hælm i sengrom og  
bytta fella. Dem pynta med granbar.

54

(Marie Elnan ?Sparbu.)

Dem pynta men granbar, og elles hengt dem opp åkle på  
veggjin. (Johan Aunan, Sparbu.)

55

"Julnatta hadde dei halm på golvet og låg i han. Dei låg  
ikkje i sine eigne senger fordi dei tykte det fylgte  
meire högtid med å liggja i halmen. Halmen vart liggjande  
over jula. Det vart byta klede og halm i sengene til jul.  
(Anna Holde , Sparbu.)

56

"Det var hakka bar og havt på gölvet julkvel'n."

57

(Kristian Susegg, Sparbu.)

"Ikkje så lite arbeid var det å bera halm utover golva  
til jul, men dette arbeidet vart gjort med omhug. Litt  
seinare i tida vart det brukt hakka bar i staden for  
halm. (Ørjan Eline Brantzægg, Sparbu.)

58

"Dei hadde eine eller granbar på golvet julekvelden,  
og dei kunne og ha på krækfot." (John Oksvoll, Sparbu.)

59

- 10.
- 60 "Det lukta friskt granbar som var småhakka og strøydd  
utover golvet (Åshild Salberg, Sparbu.)
- 61 "Når dem ha vaska i fjøse, pynta dem der og. Det vart hengt  
opp bar på veggjin, og strödd bar på golvet. Det skull v  
vårrå så fint som inni ei stuggu der.  
(Ingeborg Hove, Sparbu, 82 år.)
- 62 "Når dem ha vaska pynta dem golvet med kråkfot, hakka  
bar eller eine. Baret hakka dem med skjærkniv. Julaftan  
vart det berri in hålmog lagt på golve, som ongan lå å  
rulla se ti. Hålmen bar dem ut igjen julagsmårrān. Om  
nyårsdag skoll dem sjå om det låg att nå hålm på  
på golv. Dersom dem fann konn, vart året som kom godt  
honnår. Det skoll skiftas hålm i all sengra til jul."  
(Berntine Rønning, Sparbu.)
- 63 "Når golvet va kvitskura, va det högtideleg å ha hakka  
bar på golvet julkvel'n. Det konn å vårrå pynta med bar  
elles i stu'n. Men mest högtid var det når jultreet kom."  
(Ingeborg Hove, Sparbu.)
- 64 Det vart hakka bar på golvet til jul, og det vart pynta  
med mangeleta ty. Det vart pynta i kvart rom i huset, og  
tenarane pynta kvar på sitt rom. (Morten Susegg, Henning.)
- 65 På golvet hadde edd dei halm eller finhakka bar. Hvis  
dem fann konn under bordet, vart det iallefall moge korn.  
(Ola Österås, Henning.)
- 66 I fjøset pynta vi med granbar over dörin og vindauge,  
og på golvet la vi næ'n bartuå. (Ei bartu' var "Skurkosten"  
som dei skura golvet med.) (Helene Leren, Beitstad.)
- 67 "Når dem va ferdig med vaskingsa hakka dem bar og strödd  
på golvet. Dem som ha råd te å bruk hålm, ha gjern' det  
på golvet julkvelden. Når dem samla ut hålmen, såg dem  
ette om det ha røddi uttu å konn, og fann dem da eit  
konn med my' mat ti, så va det tegn på et godt år.  
(Rolf Solberg, Beitstad.)

- 11
- Det va brukeli å ha bar på golv te jul för. Dem bruka å 68  
byt hælm i bæmstran' i julvækka. (Martin Hylden, Beitstad.)
- Dem hakka helm på golvet julkvel'n, seinar' brukta dem 68a  
eine. (Signe berre, Namdalseid.)
- Dem hakka bar og strödd på golvva. (Julie Staven, Namdalseid.) 69
- Sjulsmessda'm hakka dem bar og ha på golvet. 70  
(Hilda Aunet, Kvam.)
- På golv i stu'n vart det strödd hakka hælm eller bar. 71
- Omkreng veggjin pynta dem med barkvesta og krona som  
dem stelt te tå hælm. (Liv Målmo, Kvam.)
- "Om julkvel'n ha dem finhakka granbar på golvet. Ny hælm 72  
i bonstran ha dem te kvar jul. (Karen Strand, Snåsa.)
- "Dem strödd hælm eller finhakka granbar på golvet. 73  
(Ingebr. Steinkjer, Snåsa.)
- "Ferø pynt hengt dem opp eit kvitt lakan ovafer lang- 74  
bordi. Dem bytta hælm i all bonstran." (Marie Lindnes, Snåsa)
- "I fjöse vart det lagt på granbar framfer fjösdöra jul- 75  
kvel'n, og atmed der dem ga ky'm foret."
- (Karen Mona Snåsa, 89 år.)
- "Julkveln skull det hakkas riktig fint bar og haas ut- 76  
over golvet, I hi hauld ferta at riktig langt tebakers  
brukt dem hælm på golvet julkveln, men det hi itj' verti  
brukt i mi tid. Det va måddå det va berre jordgolv det va  
brukt. (Marit Brovoll Snåsa, 85 år.)
- "Når julkvel'n kom så hakka dem bar og strödd på golvva. 77  
(Ingeborg Aspnes, Snåsa.)
- "Å strö hælm på golv vart kanskje gjort riktig gammelt 78  
attett', Men itj det nokon veit. det sist 80 åra."  
(Martin Bjerken Grong.)
- "Stua var pynta med bar og heggerstaa, som va symbolet på 79  
årets avling. På golvet vart det mykje godt brukta og brei  
ut hælm, som vart kalla jukhælm. Hælmen skoll ligga heile  
jula, og julnatta måtte all folka i huset ligga på golvet  
i julhælmen. (Ivar Bye, Grong.)

- 80 "Dem ha bar på golvet julkvel'n, elkes vart detbitj  
pynta nokå i stu'n. Ny helm i bonstran mått det vårrå te  
jul. (Nikoline Nilsen, Overhalla.)
- 81 "Fer omlag 120 år sea vart det om jilkvel'n barri in  
Måkå bygghalm som vart brødd utavet stugolvet i stu og  
kjökken. Julhalmen vart barri ut nyårsaftan. Senghalm og  
sengklei vart skifta i all' senger julaftan.  
(Peder Brönbo, Høylandet i Namdal.)
- 82 "Julkveln bar dem in halm og ha utover gölve. Den vart  
utberri julagsmårrån, og da va'n som regel så sundtrödd  
at det va berre mådd. Hves dem fann konn utover gölve  
ætte hælmen va utberri, og serleg hves det va stort og  
fyldig, vart det godt år. (Jakob F. Villa, Flatanger.)
- 83 "Om julkvel'n strödd dem hælm på stugölve. Vi ongan ligg  
i hælmen om natta. Hælmen vart utsopa julagsmårrån.  
(Oldine Holvik, Fosnes.)
- 84 "På gölve ha dem halm som dem ligg ti om natta. Fann dem  
konn ponn bordi, varsla det godt år, fann dem itnå, vart  
der oår. (Erik Lund, Kolvereid.)
- 85 "Om julkveln sopa dem halmen av golvet i stua og strödde  
på granbar. På veggene skulle det og henge bar, Bordet var  
pynta med lys. (Lorentz Skei, Leka.)
- 86 "I alle rom skoll det brinn lys heile julnatta. Og da  
skoll det bærast inn halm og reiast over heile golvet,  
og i enkelte bögdi ligg dei i flatsenger over heile gölvet  
julkveln, både husbondsfölkji og tjeneran, fer i sengrom  
skoll julsvinan ligg. Det va om å gjerra å verra te vens  
med dem. (Lorentz Skei, Leka.)

# Nord-Trøndelag og

Jula 19

Nr. 155

## JULA OG DEI USYNLEGE

Av høgskulelærar Gudmund Leren

Gamle folk fortel at det var meir høgtid med jula i gamle dagar enn i vår tid. Ein av grunnane til det var at dei heldt så strengt på dei gamle skikkane. Dersom ein ikkje heldt seg til skikk og bruk, kunne ein lett koma i konflikt med usynlege makter, og desse usynlege hadde makt til å føre ulukkə over garden, eller kaste sjukdom på folk og fe. Denne trua er eldgamal, og vi rører her ved kjernen i dei gamle juleskikkane. Dei fleste av dei har vorti til av omsyn til vætte og usynlege skapningar som ein ikkje såg, men som ein likevel visste var til. Det hendte forresten ikkje så reint sjeldan at folk som hadde evne til det, såg både dei underjordiske og dei døde.

Tryggjast var ein difor om ein heldt seg til det som hadde vore skikk og bruk frå gamalt. Dei gamle juleskikkane som vi i dag tykkjer er så morosame, var såvisst ikkje laga for moro skuld. Nei, det var alvor bak dei, og helst låg dei vel som ei tyngsle over det daglege livet. Det var råd gjerder som dei gamle tok for å verne seg og sine mot usynlege makter og allslags vondt.

Etter gamal tru var det to gonger i året alle desse usynlege maktene kom nær inn på menneska, og det var kvar gong sola snudde, ved sommarsolkverv, St. Hans eller Jensvukku, og ved vintersolkverv, d.v.s. ved juletider.

### Løssi Langnatt

Heilt fram til vår tid har det vori vanleg tru at lengste natta i året fall på den 13. desbr. Med det same sola snudde Løssinatta, hende det mange merkelege ting ute i naturen, m. a. kunne husdyra snakke den natta. Kjent over heile Trøndelag er samtalens mellom kua og veren. Kua beit i beset og sa: «Løssinatta lange». — «Ho e lang som tre», svara veren. Ei kone frå Snåsa fortalte meg ein gong at einkvan hadde våga seg ned i stallen kl. 12 Løssinatta. Da snakka ein av hestane til ein annan: «Ka du hi tenkt dæ te med du, når det li på nyåre?» Og den andre hesten svara: «Det føst æ ska gjørro, e å dra håsbån åt graven». Olav Duun har på ein meisterleg måte skildra den trollstemning og uhygge som fylgde

herja som verst Løssinatta. I Welhavens dikt har toget av usynlege som dreg fram gjennom lufta, fått namnet Oskårsreien; men i Seterdal snakkar dei om Løssifara.

### Småkallan

Dei underjordiske, eller småkallan, som dei gjerne heiter i Trøndelag, var tilstades overalt ved juletider. Og det kunne straffe seg dersom ein ikkje tok omsyn til dei eller fornerma dei på eitkvart vis. Dei gamle slo aldri ut vatn utan å seie frå: «Tvi-tvi! Ha dokk onna!» Dei bar graut på láven åt småkallane julkvelden, og det lente seg ikkje å spare på smøret eller sukkeret på den grauten.

Lyset var viktigaste verneråda mot alt dette trollpakket, dei tolde ikkje lys og eld, og heller ikkje slikt som var tillaga med eld. t. d. stål,

øksa på stabbin og støtingjen akkorat mot sjulveggja». (Verdal).

«Det skol sopas og ordnas på lava og i nausti te jul». (Inderøy).

Dei sopar, feia, vaska rundt like til fjøs og stall, sandskura golva, pussa dombjellkransen og alt av kopar, massing og sòlv så det skein langan lei, smurde hestegreia, vaska køyretyet og styra på så det sto vel til. Til sist bar dei inn julhalmen.

«Når dem ha vaska og skura gølve julkvel'n, stelt dem te en strokhhølji, tå rughælm og la tilspennes utover gølve. Og der låg dem julnatta». (Øvre-Kvam). «Ein gong æ va me' om far va vi in hos 'om Iver på Næssi. Det va sjusmessa'n, og kall'n ha nettopp berri in en stor hældongi som va lagt utover gølve i et ganske tjukt lag. Han Iver forteld at dem ha ut hælmen annda'n». (Inderøy). «Ingen skoll ligg i seng julnatta. Dem låg ti hælma på stuggugelvi. (Hegra). «Ingen mått' gå i seng julnatta. Dem sat på stola ogsov». (Inderøy).

Alle senger skulle såleis vera ledige, oppreidde med dei beste kleide, og med ny halm i bonstrane. Dei usynlege gjestene skulle i allfall ei einaste natt ha høve til å liggja i ei skikkeleg seng. Alle dører skulle vera ulåste julnatta. Dei usynlege skulle ha fritt høve til å gå


inn kv  
ikkje

«Mai  
ta, fer  
heile  
flatbre  
kvel'n.  
melt n  
(Verda

Deri  
kniv,  
ikkje  
bruk f  
ga», s  
«Di m  
gane  
sa åt  
fortalc  
ey.

Va  
Dei  
truleg  
kunne  
Var e  
vggeli  
ga, ju  
einkva  
bordet  
døy fe  
som  
kunne

«De  
sin, si  
ta me



# og Inntrøndelagen

la 1950

## NLEGE

n ak- inn kvar dei ville. Dei skulle heller  
lal). ikkje vera utan mat og drikke.

lava «Maten skoll stå på bordi julnatta, fer da skoll'e bli mat på bordi heile året». (Inderøy). «Osten og flatbrøe skol stå igjen på bordi julkvel'n. Det va ferd i at det va i gammelt mé om at julgjesten kom». (Verdal).

Dersom det datt ned eitkvart, kniv, skei eller gaffel, måtte ein ikkje ta det opp. Einkvan hadde bruk for det. «Lett derre ligg, onga», sa gjerne dei som eldre var. «Di må itj sjå ætte denne!» Og ungane hørde etter. «Det som a mor sa át oss ongan, det va lov det», fortalte ei gamal kone på Inderøy.

### Varsel og merke

Dei usynlege maktene var det truleg og som hjelpte ein så ein kunne få ein glytt inn i framtida. Var ein dristig nok til å gå utom veggen og sjå inn gjennom vindauge, julekvelden, såg ein kanskje einkvan som sat hovudlaus attmed bordet. Han var «fæg» og skulle døy føre neste jul. Likeeins var den som julløse rann imot fæg. Ein kunne også ta kjærastevarsle.

«Den som villa sjå julkjæresten sin, skol gå in i eit mørkt rom og ta med sæ tre glas, eit med brenn-

(Framhald side 2)

## Elda gamle kirke — og litt fra dens historie

Og noen ord om kirkeflyttinga  
for snart 100 år siden

Om Elda gamle kirke finnes det bare få opplysninger. Gerhard Schöning har bare en kort notis om kirken og en liknende notis har også Lars Hess Bing i sin «Beskrivelse over kongeriket Norge». Bing skriver 1796 — opplysningene er fra 1787 — følgende:

«Ellen eller Elden sogn er anneks til Bedstad prestegjeld. Kirken er en liten trebygning med et tårn eller et slags spiar, stående ved gjestgivergården Elden og tilhører løytnant von Bjering».

Mer har han ikke om kirken. Derimot utbrer han seg mer utførlig om sognets beskaffenhet og økonomiske muligheter. Og han har funnet, at disse muligheter er små, og at sognet i det hele er fattigt.

Han forteller at det omkring 1780 var 62 gårder i sognet. De beboddes av 65 gårdmenn — flest leilendinger av disse. Dertil var det 31 husmenn

Videre skriver han: «Kornavlingen er mislig, årlig ødelegges den på de fleste steder, enten delvis eller helt, av frosten på etteråret. Almuen må kjøpe det meste korn både til egen føde og til dyrne. Derfor er det også så ussel tiende fra dette sogn. I 1787 var tienden 3 tønner bygg og 61 tønner havre, for det meste beskadiget av frost. Småtienden var 4 skilling av hver gård og 8 skilling for hver ku på gårdene. Tilsammen ble dette 15 riksdaler. Husmennene betaler 8 skilling hver til kirken årlig. Dette beløper seg til henimot 2 Rd.».

Hadde Hess Bing ikke så mange ord om selve kirken, så var det noe annet i kirkens nærhet som hadde tiltrukket seg hans oppmerksomhet. Det var det han kaller «kjempehøiene». Andre hadde skrevet om dem før ham. Og indirekte peker de også mot ting som vedrører kirken.

Bing skriver: «På gården Eldens marker sees mange kjempehøider og en dommerplass med en stor stein i midten og 8 mindre steiner i en krets omkring. En kilde er også straks ved kirken, og den har godt vann som aldri fryser om vinteren hvor kaldt det enn blir, og er samme vann kaldt og sommeren». — Ja, der har vi den gamle karakteristiken av et eldgammelt kultsted.



øst æ ska gjørre, e a ura nasaan  
å graven». Olav Duun har på ein  
meisterleg måte skildra den troll-  
stemning og uhygge som fylgde  
Løssi Langnatt i opningskapitlet til  
«Juvikfolket». «Folk sit med hare-  
hjarta opp i halsen, sit og hakker  
tenner og bit i det: goveitra rullar  
stein oppi fjellet, småkallane spring  
og trampar kring veggene, det slam-  
rar og lét all stads, kven er det  
som vil gå på lemmen den natta,  
eller åt nauste?»

Trua på at vi hadde lengste natta  
i året den 13. ds. skriv seg frå ei  
tid da dei hadde ein annan kalender  
enn i dag. I slutten av det 12. år-  
hundre fall solkvervet på denne da-  
gen. Og enno i dag kan folk min-  
nast at det vart sagt: «13. desbr.  
va støttast da'n i åri. Ætti den tid  
såg ein mán på dagja. Han vart  
i haniføtt lenger fer kvar dag». (In-  
derøy).

I det heile er det i trøndersk fol-  
ketru omkring Løssi Langnatt lite  
som minner om Santa Lucia, — den  
heilage Lucia som dei syng om for  
turistane på gondolferdene på ka-  
nalane i Venedig. Ho som leid mar-  
tyrdauden på Sicilia 300 år e. Kr.  
Legenden fortel at ho vart ståande  
